



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-223, FA-Q15
Arkivsaksnr: 18/1331	Løpenr: 19/8169
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.11.2019	050/2019
Kommunestyret	05.12.2019	074/2019

Søknad om overtaking av kostnad med snøbrøyting over Tveitamyrane og fram til Tveit 21

05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (BI) erklærte seg ugild i saka, på grunn av nært slektskap med partar i saka. Han gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hans. Dag Nydal (BI) gjekk inn som varamedlem under denne handsaminga, og varaordførar Øyvind Røen (Sp) gjekk inn som setjeordførar. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild. Dag Nydal deltok som følgje av dette òg under resten av handsaminga av saka.

Formannskapet si tilråding vart vedteken med 20 mot 1 røyst. Arild Røen (H) røysta imot.

Etter at det var gjort vedtak i saka, gjekk Dag Nydal frå og Knut Harald Frøland tok plass igjen i kommunestyret.

KS- 074/2019 Vedtak:

Samnanger kommune tek ikkje over kostnaden oppsitjarane på Tveit har med brøyting av privat veg. Samnanger kommune opprettar ikkje tilskotsordning til vegvedlikehald eller snøbrøyting av private vegar no.

14.11.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Denne saka vart handsama etter sak 046/2019, før sak 047/2019.

Knut Harald Frøland (BI) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hans. Solveig Vassenden (BI) gjekk inn som varamedlem under denne handsaminga. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild. Solveig Vassenden deltok derfor òg i resten av handsaminga av saka.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande endringsframlegg i forhold til rådmannen sitt framlegg:

- Ordet "no" vert lagt til i slutten av den andre setninga i framlegget."

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Øyvind Røen sitt framlegg. Øyvind Røen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Etter at vedtaket vart gjort tok Knut Harald Frøland igjen plass i møtet, og Solveig Vassenden gjekk frå.

FORM- 050/2019 Vedtak:

Samnanger kommune tek ikkje over kostnaden oppsitjarane på Tveit har med brøyting av privat veg.

Samnanger kommune opprettar ikkje tilskotsordning til vegvedlikehald eller snøbrøyting av private vegar no.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek ikkje over kostnaden oppsitjarane på Tveit har med brøyting av privat veg.

Samnanger kommune opprettar ikkje tilskotsordning til vegvedlikehald eller snøbrøyting av private vegar.

Dokument som er vedlagt:

Søknad om overtaking av kostnad med snøbrøyting

Kva saka gjeld: Søknad om at Samnanger kommune betalar kostnaden med snøbrøyting på privat veg – frå Tveitamyrane til Tveit 21. Utgiftene pr. år ligg mellom 10-20.000 kroner avhengig av snømengde.

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger kommune har pr. i dag ikkje eiga tilskotsordning til snøbrøyting eller vegvedlikehald som gjeld private vegar i kommunen. Administrasjonen har difor ikkje høve til å handsame slike søknadar. Det vert opp til kommunestyret om dei ønskjer å opprette ei slik ordning i samband med handsaming av budsjettet for 2020 og økonomiplanperioden 2020-23.

Er det politikks ønskje å opprette ny tilskotsordning til private må det ligge føre vedtekter og tilskotpott for tildeling, før ordninga tek til å gjelda.

Vegnemnda vart avvikla for ei rekkje år tilbake og tilskotsordningane til private vegar gjekk ut. Vi tilrår å ikkje etablere ny ordning. Viser elles utgreiinga i saka om overtaking av driftsansvaret for vegar til idrettsanlegga og interpellasjonen i møtet den 3 juni 2019.